

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 22.11.2019
Vår ref.: 2019/316-46
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Brev til kommunane i Hordaland om innspel om tiltak 2022-2027 i ny vassforvaltingsplan

Viser til brev frå Hordaland fylkeskommune datert 16.09.2019 (18/2116 – 17) Utarbeiding av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 -2027 – framdriftsplan og forventa innsats. I brevet blir kommunane orientert om oppgåva dei har med å skissere tiltak for å betre miljøtilstanden for dei påverknadar dei er ansvarleg for, dvs. har verkemidlar til å gjennomføre sjølv, påleggje, eller stimulere andre til å gjennomføre. Alle kommunar har ein rett og plikt til å delta i arbeidet med ny vassforvaltningsplan og tiltaksprogram, derunder skissere tiltak innanfor sine ansvarsområde, jf. pl. b. lova § 8 – 3. Frist for å koma med innspel er 1.1.2020. Vassområdekoordinator vil ta opp med kvar enkelt kommune om kva for vassførekomstar og påverknadar dei er ansvarleg for å skissere tiltak for t.d. innanfor avløp, landbruk, avfallsplasser etc. Dette går også fram i databasen Vann-Nett. Nokre av problemstillingane vil vere godt kjende for kommunen og noko det har blitt arbeida med gjennom vassforskriftsarbeidet i inneverande planperiode, mens andre problemstillingar kan vere mindre kjende. Som antyda i tidlegare kontakt ønskjer vassområdekoordinator å invitere til arbeidsmøte med kommunen for å gå gjennom ovannemnde. Målsetjinga er at kommunen vel tiltak som vassområdekoordinator kan registrere i Vann-Nett. I utgangspunktet er det anbefalt at fagpersonar innan avløp, landbruk, ureining og plan stillar på eit slikt møte. I starten av møtet blir det gjeve ein gjennomgang om hovudutfordringar innan vassmiljø i kommunen. Det er ønskjeleg at rådmann og/eller etatsleiarar deltek på denne delen av møtet. Det blir lagt opp til felles møte for kommunar som blir slått saman dersom det er ynskje om det. Vassområdekoordinator vil i løpet av kort tid ta kontakt med administrativ kontaktperson i kommunen for å avtale dato for møtet.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjefSveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

